

Grafisk profilbok

Gjeldande frå 01.01.2025



Innleiing

Felles identitet og profil

Tilsette i Vestnes kommune leverer tenester til innbyggjarane på ein god og profesjonell måte. Alle som mottek tenester eller informasjon frå oss, skal ikkje vere i tvil om kven vi representerer.

Gjennom felles visuell identitet skal profilen styrke Vestnes kommune som éin aktør. Vestnes kommune sin grafiske profil skal nyttast av alle tilsette.

Om profilboka

Profilboka inneheld logo, typografi, definert fargepalett og profilelement. Du finn også ulike malar til dokument og presentasjonar. Det er ei felles oppgåve å sørge for at retningslinjene i profilhandboka blir følgd.

Kommunen sin grafisk profil skal nyttast i alle våre trykte og digitale flater. Det gjeld i alt frå kontormateriell, brosjyre og annonsar til nettsider, skilt, bilar og arbeidstøy. Profilhandboka med tilhøyrande filer er tilgjengeleg for tilsette.

Kommunevåpen	3
Logo	4
Einingslogoar.....	7
Typografi	8
Fargepalett.....	9
Universell utforming	10
Skilting	12
E-post signatur.....	14
Grafiske profilelement	15
Presentasjonar (Powerpoint)	19
Annonser	20
Brosjyrar.....	22
Plandokument.....	23
Infoskriv og oppslag	24
Rollups	25
Nettside og sosiale media	26
Klede og arbeidstøy	27
Kommunale bilar	28

Kommunevåpen

Historia til kommunevåpenet

Kommunevåpenet er teikna av Jarle Skuseth og blei godkjent ved kongeleg resolusjon 11. april 1980.

Våpenmotivet er eit stilisert kart over kommunen, der den raude midtspissen er Vestnes og dei to gull spissane er Tresfjorden og Tomrefjorden.


I bruk av våpenet erstattes gull av gult etter heraldiske reglar. Våpenet skal i hovudsak vere i Heraldisk gul PMS-115 C og Heraldisk raud PMS 185 C.

I enkelte høve kan kommunevåpenet vere i gull (PMS 874 C) og Heraldisk raud PMS 185 C.


Kommunevåpenet er justert og digitalisert på nytt av Grafia Reklamebyrå AS i 2024.

Løyve til bruk


Institusjonar eller verksemdar som ikkje er kommunen sine egne, men som likevel ønsker å bruke kommunevåpenet, må innhente løyve frå kommunen før bruk.




Hoved




GUL
Pantone 115c
R:254 G:218 B:36
feda24
C:0 M:14 Y:86 K:0



RAUD
Pantone 185c
R:235 G:0 B:42
eb002a
C:0 M:100 Y:82 K:8



Unntak



GULL
Pantone 874 C

Logo

Logo (kommunevåpenet + namn) er Vestnes kommune sin visuelle signatur og identitetsberar. Den skal kommunisere kven vi er.

Logo med våpenskjold til venstre er hovudvarianten og skal nyttast om mogleg.

Samansetning av kommunevåpen og namn

Namnet «Vestnes kommune» er i skrifttype Soleil Book. Namnet står til høgre for kommunevåpenet, eller midtstilt under.

Avstanden og forholdet mellom kommunevåpenet og namnetrekket er konstant og uforanderleg.


Du kan ikkje lage dine egne logoversjonar.
Logooriginalar skal ikkje endrast.

Fargekodar

Logofargar og andre fargar i profilen har fargar for både trykking og digitale flater m.m.


Pantone er for skilt og tekstilar.
RGB og **HEX (#)** er for digitale flater.
CMYK er for trykksaker.

**Hovudlogo
(sidestilt)**




**Vestnes
kommune**

**Midtstilt
logo**




**Vestnes
kommune**


Logofargar




GUL
Pantone 115c
R:254 G:218 B:36
feda24
C:0 M:14 Y:86 K:0



RAUD
Pantone 185c
R:235 G:0 B:42
eb002a
C:0 M:100 Y:82 K:8



SVART
Pantone Black
R:44 G:42 B:1
2c2a2
C:0 M:0 Y:0 K:100



KVIT
Pantone White
R:255 G:255 B:255
ffffff
C:0 M:0 Y:0 K:0

Logo

Verneområde

For å sikre luft rundt logo er det definert ein minste avstand til andre grafiske element; avstanden tilsvarer halvparten av breidda til kommunevåpenet.

På skilt er minste avstand frå våpenskjold til skiltekant 25 % av breidda på kommunevåpenet.



Sørg for at det er godt med luft rundt logoen.

Minste avstand rund logo, er 50% av bredda på skjoldet.

Logo

Bruk av logo og logovariantar

Logoen er sjølv symbolet på kommunen. Logo er samansett av våpenskjoldet og kommunenamnet. Logo med våpenskjold til venstre er hovudvariant.

Bruk alltid originale logofilar med rett oppløysing. Lag aldri eigne versjonar. Logoen skal alltid skalerast proporsjonalt. Set aldri namn, slagord eller anna tekst inn som ein del av sjølv logoen.

Til mørke bakgrunnar brukar vi logo med kvit tekst.

I svart-kvit logovariant skal gul framstillast som kvit.

Filformat på logoar:

Logofiler som endar på **.ai** - **.eps** - **.svg** er for profesjonelle.

Logofiler som endar på **.jpg** - **.png** er for bruk på digitale flater, samt til intern bruk.

Fargelogoar



Svarte logoar



Fargelogoar med kvit tekst



Svarte logoar med kvit tekst



Logo

Logoar for einingar og avdelingar

Logooriginalar for alle einingar og avdelingar er utarbeidd, og dei skal ikkje endrast.

Logoen er eininga sin visuelle signatur og identitetsberar. Avstanden og tilhøvet mellom kommunevåpenet og namnetrekket er uforanderleg. Du kan ikkje lage dine egne logoversjonar eller plassere anna tekst inn som ein del av sjølve logoen.

Verneområde

For å sikre luft rundt logo er det definert ein minste avstand til andre grafiske element; avstanden tilsvarer halvparten av breidda til kommunevåpenet. På skilt er minste avstand frå våpenskjold til skiltkant halvparten av breidda til kommunevåpenet, om det er praktisk mogleg. (Sjå side 5.)

Filformat på logoar:

Logofiler som endar på **.ai** - **.eps** - **.svg** er for profesjonelle.

Logofiler som endar på **.jpg** - **.png** er for bruk på digitale flater, samt til intern bruk.

Døme skule



Tomrefjord skule
Vestnes kommune



Helland ungdomsskule
Vestnes kommune

Døme barnehage



Gardstunet barnehage
Vestnes kommune



Tomrefjord barnehage
Vestnes kommune

Døme eining



Eigedomsdrift
Vestnes kommune



Eigedomsdrift
Vestnes kommune

Typografi

Soleil og **Aptos** er Vestnes kommune sine skrifttypar. Skrifttypane skal alltid brukast i sitt originale snitt, men ein kan bruke heile skriftfamilien, med normal, regular, book, light, kursiv, bold, semibold osv.

Soleil er meint til bruk på kommunikasjon utarbeidd av profesjonelle leverandørar.

Aptos er skrifttypen for bruk i malar, Word, PowerPoint og andre produksjonar som kommunen sine tilsette utarbeider.

Aptos er å føretrekke på digitale media, der det er praktisk og mogleg.

Aptos

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

1234567890

Soleil

ABCDEFGHIJKLMNOPQRSTUVWXYZÆØÅ

abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå


abcdefghijklmnopqrstuvwxyzæøå

1234567890


Fargepalett

Kommunen sin fargepalett er henta frå naturen, næringar og kommunen sin visjon.
Fargane i profilen er klare og reine som signal på ein positiv og inkluderande kommune.
Blå- og gråfargane står for sjø, havbruk, skipsverft, fjord og fjell.
Grøn- og brunfargane signaliserer at vi også er ein jordbrukskommune.
Orange- og lilla-fargane signaliserer trivsel, nyskaping og innovasjon.
Fargane raud og gul i kommunevåpenet skal berre brukast i små mengder.
Alle fargane i paletten kan brukast i prosentane 90-80-70-60-50-40-30-20-10%.

Hovudfargar er dei tre blåfargane i paletten, samt gråfargar i tekst og på bakgrunnar



Desse fargane er sekundære og skal brukast med varsemd.



Universell utforming

Kontrastkrav til bruk av fargar i tekst

Standarden for Universell Utforming (UU) er viktig for å inkludere innbyggjarane med ulike funksjonsevne. Likestillings- og diskrimineringslova (lovdata.no) stiller krav til både offentlege og private føretak/organisasjonar.

Minste kravet for kontrast er 3:1 for stor tekst, og 4,5:1 for vanleg tekst.

Blant 100 % fargane i denne profilen kan mørk blå PMS 289 C og mørk grå PMS 426 C brukast som vanlig tekst på bakgrunnar som kvit, grøn PMS 375 C, oransje PMS 1235 C, blå PMS 297 C og grå PMS 420 C.

Kvit og lys grå tekst (30% av PMS 420 C/ #ebebeb) kan brukast på bakgrunnar i fargane blå PMS 289 C, blå PMS 300 C, brun PMS 7517 C, lilla PMS 675 C og grå PMS 426 C.



Verktøy for å sjekke kontrastforhold:

WEB-BASERT

<https://webaim.org/resources/contrastchecker/>

PROGRAMVARE

<https://developer.paciellogroup.com/color-contrast-checker/>
(Eksempla under er laga i denne gratis programvara.)



Universell utforming - døme

Dette er døme på godkjent kontrast



Blå
PMS 297
Kontrast 6,9:1

Blå PMS 289 C
R:26 G:41 B:61,
1a293d
C:100 M:50 Y:0 K:66

Blå PMS 297 C
R:125 G:187 B:219
7cbad9
C:68 M:0 Y:11 K:0



Brun
PMS 7517
Kontrast 6,1:1

30% Grå PMS 420 C
ebebeb
C:0 M:0 Y:0 K:10

Brun PMS 7517 C
R:136 G:67 B:30
88431e
C:0 M:51 Y:78 K:47



Orange
PMS 1235
Kontrast 8,6:1

Grå PMS 426 C
R:37 G:40 B:42
25282a
C:12 M:5 Y:0 K:84

Orange PMS 1235 C
R:255 G:184 B:28
FFB81C
C:0 M:38 Y:100 K:0

Dette er døme på ikkje godkjent kontrast



Blå
PMS 297
Kontrast 2,6:1

Blå PMS 300 C
R:55 G:106 B:157
376a9d
C:100 M:50 Y:0 K:27

Blå PMS 297 C
R:125 G:187 B:219
7cbad9
C:68 M:0 Y:11 K:0



Grønn
PMS 375
Kontrast 1,1:1

Grå PMS 420 C
R:201 G:199 B:199
c9c7c7
C:0 M:3 Y:0 K:20

Grønn PMS 375 C
R:159 G:201 B:56
9fc938
C:44 M:0 Y:98 K:0



Blå
PMS 289
Kontrast 2,6:1

Blå PMS 300 C
R:55 G:106 B:157
376a9d
C:100 M:50 Y:0 K:27

Blå PMS 289 C
R:26 G:41 B:61,
1a293d
C:100 M:50 Y:0 K:66



Grønn
PMS 362
Kontrast 1,4:1

Lilla PMS 675 C
R:188 G:56 B:119
BC3877
C:7 M:90 Y:16 K:0

Grønn PMS 362 C
R:80 G:158 B:47
509E2F
C:76 M:12 Y:100 K:0

Skilting

Hovudskilt - fasadar

- Vel veggen som er best synleg frå veg/tilkomst
- Plasser skilt høgt oppe på fasaden
- Tilpass storleiken på skiltet til fasaden
- Unngå anna dekor på denne veggen
- Vurder om plate eller lause bokstaver er best
- På skiltplater er det best med lys grå bakgrunn (30 % av PMS 420 C)

Verneområde på skilt

For å sikre luft rundt logo er det definert ein minste avstand. På skilt er minste avstand frå våpenskjold til skiltekant 25 % av breidda til kommunevåpenet.



Hovudinngangar og avdelingsinngangar

- Namnet på inngangen skal vere i skrifttype Soleil
- Ikkje bruk kommunevåpenet på desse



Skilting

Opplysningsskilt

Skilta skal vere godt synleg for besøkande ved innkøyring eller ved hovudinngang. På vegg eller som frittstående skilt.

Kort om opplysningsskilt:

- Bruk kommunen sine profilfargar
- Bakgrunn på skilt skal helst vere i lys grå (30% av PMS 420 C, som tilsvarer 10% svart, eller HEX #ebeb) På mørk bakgrunn skal det vere mørk grå PMS 426 C
- Logo skal vere oppe i venstre hjørne på linje med tekst
- Skrifttype Soleil skal brukast på all tekst

Sjå kommunen sin skiltplan når det gjeld fargar på illustrasjonar og detaljar på utforming.



E-postsignatur

E-postsignatur på PC

Når vi sender ein e-post frå ei vestnes.kommune.no-adresse, representerer vi arbeidsplassen vår. Det skal vere enkelt for mottakaren å kontakte oss på telefon og å finne nettsidene våre.

Vi skal ikkje bruke einingslogoar i e-postsignatur. Berre hovudlogo for kommunen. Eining/avdeling/skulenamn osv. skal skrivast i adressefeltet.

E-postsignatur på mobiltelefon

Ved å velje innstillingar for e-post på mobil kan ein lage signatur også her. På mobil kan signaturen bestå av rein tekst utan logo.


Tips!

Stillingstittel og eining/avdeling skal skrivast med liten forbokstav (Språkrådets retningslinjer).

Med venleg helsing

Namn Etternamn

stillingstittel
avdelingsnamn
telefon: 00 00 00 00
vestnes.kommune.no



Døme e-postsignatur på mobil

Med venleg helsing

Mona Janne Johansen
einingssleiar
eigedomsdrift
mobil: 91 37 18 00

Vestnes kommune

Døme på e-postsignatur på PC

Med venleg helsing

Mona Janne Johansen

einingssleiar
eigedomsdrift
mobil: 91 37 18 00


vestnes.kommune.no



Grafiske profilelement


Illustrasjonen Vestnes i blåfargar signaliserer at vi er ein skipsbyggarkommune omkransa av fjell og fjord, og livskraftige bygder, der bruer bind oss saman.

Illustrasjonen skal normalt nyttast i full breidde, men kan kortast ned på venstre side om det visuelt er best. På kvit eller lys bakgrunn skal versjon *Vestnes-illustrasjon-hovud* nyttast som døme viser her. Illustrasjonen har òg ein variant med kommunen sin visjon midt i blinken. (*Vestnes-illustrasjon-hovud-midt-i-blinken*). Visjonen skal skrivast med små bokstavar.



Grafiske profilelement

Illustrasjonen Vestnes i blåfargar kan og nyttast på mørk bakgrunn.
Bruk då versjon *Vestnes-illustrasjon-lys* eller *Vestnes-illustrasjon-lys-midt-i-blinken*



Grafiske profilelement

Sirklar kan og brukast som grafisk element der det passar.
Gjerne med bilde i sirkelen.



Grafiske profilelement

Vestnes-fjell-maske.

*Maska er ein forenkla kontur av fjell i kommunen.
Maske med fjellkontur kan brukast på grafikk og farga felt.
Maska er i ein positiv og negativ variant i .png og .ai format.*



Vestnes-fjell-maske-positiv




Vestnes-fjell-maske-negativ. (Utsnitt av maske)

Presentasjonar

Malar for presentasjonar finn du i PowerPoint.
Hugs å bruke kommunen sine profilfargar, som ligg i malen.


Endre bilde i sirkel

- (1) Klikk på bildet.
 - (2) Klikk på meny «Figurformat»
 - (3) Klikk på «Figurfyll..»
 - (4) Vel «Bilde..»
- Finn og klikk på ditt bilde, og legg til.
Tips! Lag bildet kvadratisk før du legg det inn.



Endre eining/avdelingsnamn

Vel «Topptekst og bunntekst» i menyen og skriv inn namn på di eining/avdeling.
Tips! Vel «bruk på alle».



Annonsar - digitale


Ferdige malar finst i Adobe Indesign.



Annonsar - papir

Ferdige malar finst i Adobe Indesign.

Ledige stillinger



Sjukepleier

Vestnes sjukeheim

Info: Kari Normann, tlf. 71 18 40 00

Helsefagarbeidar

Vestnes helsesenter

Info: Kari Normann, tlf. 71 18 40 00

Helsefagarbeidar natt

Vestnes omsorgssenter - heimetjenesta

Info: Kari Normann, tlf. 71 18 40 00


Søknadsfrist: xx. måned 2024.

Fullstendig utlysning finn du på:

vestnes.kommune.no



Ledige stillinger



Sjukepleier

Vestnes sjukeheim

Info: Kari Normann, tlf. 71 18 40 00

Helsefagarbeidar

Vestnes helsesenter

Info: Kari Normann, tlf. 71 18 40 00

Helsefagarbeidar natt

Vestnes omsorgssenter - heimetjenesta

Info: Kari Normann, tlf. 71 18 40 00

Søknadsfrist: xx. måned 2024.

Fullstendig utlysning finn du på:

vestnes.kommune.no



Brosjyrar

Malar for brosjyrar finn du i Word.




Plandokument

Malar for dokument finn du i Word.

Endre bilde i sirkel

- (1) Klikk på bilde.
- (2) Klikk på meny «Figurformat»
- (3) Klikk på «Figurfyll..»
- (4) Vel «Bilde.. Finn og klikk på ditt eige bilde, og legg til.

Hugs å lage bildet kvadratisk først.



Infoskriv/oppslag

Mal for enkle informasjonsskriv/oppslag/plakatar finn du i Word.
Tilpass storleik på tekst etter behov.



Info/tittel

Tekst settes inn her. Storleik tilpassast.

Overskrift 2

Brødtekst kan og tilpassast i storleik.

Eining/avdelingsnamn 



Info/tittel

Tekst settes inn her. Storleik tilpassast.

Overskrift 2

Brødtekst kan og tilpassast i storleik.

Eining/avdelingsnamn 

Rollups

Rollups skal følgje designprinsippa, fargar og skrifttypar frå profilboka.


Logo skal stå på toppen og skal ha godt med luft rundt. Helst midtstilt.

Tekst eller anna viktig informasjon kan ikkje stå nærare enn 20 mm frå kanten.

Pass på at bilda ikkje har for låg oppløysing.

Prøv å halde teksten til eit minimum. Målsetjinga er å fange interessa raskt.



Teksten bør vere stor nok til at han kan lesast utan å måtte komme for nær.



Sosiale media og nettsider

Vestnes kommune skal framstå med det same visuelle uttrykket på nett som på andre flater. Krav til universell utforming skal oppfyllest.

På sosiale media skal kommunevåpenet brukast som profilbilde. Dette gjeld for alle einingar og avdelingar i kommunen.



Merking av klede/arbeidstøy

Hovudlogo for Vestnes kommune skal vere på venstre brystside på arbeidstøy.
På skjorte/t-skjorte/genser er midstilt logo å føretrekke.
Eining/avdelingslogoar skal ikkje brukast.
Eining/avdeling kan stå på ID-kortet.



Merking av bilar

Skal ein kommunal bil merkast, skal hovudlogo for Vestnes kommune brukast. Hovudlogo skal stå på dør framme på begge sider. På mørke bilar skal ein bruke logo med kvitt namnetrekk.

På grunn av deling av bilar på tvers av einingar skal det ikkje merkes med eining- eller avdelingsnamn.

